

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/7599-27

Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter – møte mellom styret og stiftarane

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet peikar ut følgjande til å representere fylkeskommunen på møtet mellom stiftarane og styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter 25. januar 2018:
2. Fylkesutvalet stiller seg positivt til at styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter vurderer endring av organisasjonsform for å betre den økonomiske situasjonen til senteret. Fylkesutvalet understrekar at det er viktig for fylkeskommunen at Sjøfuglsenteret - uansett organisasjonsform - arbeider i samsvar med Sjøfuglsenteret sitt føremål, og ber ovannemnde representant formidle dette i møtet.

Vedlegg:

- Invitasjon til møte mellom styret og stiftarane
- Rapport for 2017

Andre relevante dokument i saka:

Vedtektene (sjå stiftingsregisteret: <https://lottstift.no/stiftelsar/informasjon-om-stiftelsesregisteret/>)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter saman med Askvoll kommune, Værlandet vel, Stiftinga Alfhilds minne til Værlandet vel og Norsk Ornitologisk Foreining i 2011.

Ved e-post av 17.12.17 foreslo styreleiar eit møte mellom styret og stiftarane, m.a. grunna dei økonomiske utfordringane til Sjøfuglsenteret. I 2017 har Sjøfuglsenteret «halde hjula i gang ved hjelp av omdisponerte midlar frå fylkesmannen», sjå vedlagde e-post der styreleiar kort gjer greie for situasjonen til stiftinga. Grunna dugnadsinnsats har aktivitetsnivået likevel vore høgt, m.a. innanfor informasjonsarbeid, sjå vedlagde rapport. Fylkesmannen har gitt Sjøfuglsenteret 100 000 kr i tilskot til vidareføring av informasjonsarbeidet i 2018, noko som sikrar drift i eitt år til. Sjøfuglsenteret er likevel avhengig av stor dugnadsinnsats.

På møtet vil styret drøfte med stiftarane om det er aktuelt å løyse opp stiftinga, og gå over til ei anna organisasjonsform. Møtet skal haldast i Askvoll 25.01.18, kl. 14.

Etter vedtektene § 11 har styret omdanningskompetansen - og kan oppheve stiftinga - men stiftarane skal drøfte endringane først. Styret sitt ev. vedtak om oppheving er ikkje gyldig før det er godkjent av Stiftelsestilsynet, jf. stiftingslova § 48 andre ledd.

2. Vurderingar og konsekvensar

Nærare om bakgrunnen for møtet

I e-posten skildrar styreleiar bakgrunnen for forslaget om endra organisasjonsform slik:

«stifting[a] har store utgifter til rekneskapsføring og revisjon; kr 27 000 + 15 000, totalt kr. 42 000,-. Dersom Sjøfuglsenteret blir organisert som frivillig lag, vil ein sleppe revisjonsplikt, og rekneskapsen kan først mykje rimelegare av ein av styremedlemmene. Som stifting må Sjøfuglsenteret også ha eige abonnement på breiband, noko som kostar kr 24 000 i året. Desse utgiftene kan muligens delast med Værlandet Gjestehamn ved ei anna organisasjonsform. Vi vil undersøke om det er mogleg å gjere desse endringane i organisasjonsform, og ynskjer å ta saka opp på møte med stiftarane.»

I lys av stiftinga sine økonomiske utfordringar, ser fylkesrådmannen det som positivt at ein vurderer tiltak, m.a. endring av organisasjonsform. Etter fylkesrådmannen sitt syn er det likevel viktig at ei ev. endra organisasjonsform ikkje også medfører endring av senteret sitt føremål.

Føremål

Ifølgje stiftinga sitt vedtektsfesta føremål skal Norsk Sjøfuglsenter:

- bygge opp og drive informasjonssenter for Sjøfuglvern i Værlandet
- arbeide for formidling av kunnskap, opplevingar og auka forståing for sjøfuglvern i Noreg
- skape møteplassar og utvikle partnerskap mellom eit vekslende mangfald av naturfaglege og reiselivsbaserte initiativ som fremjar senteret sitt føremål
- vere eit knutepunkt mellom menneske og kystnatur. Gjennom kunnskap om og formidling av lokale verneverdiar er målet å styrke (skape forståing for) sjøfuglvernet sin legitimitet lokalt og nasjonalt
- vere ein stad for læring, oppleving og allmenn kulturell verksemd med særleg vekt på samspelet i kystnaturen
- stimulere berekraftig reiselivsutvikling med basis i lokale, regionale og nasjonale verneverdiar

Dersom stiftinga vert oppheva og organisert på annan måte, bør det etter mitt syn vere ein føresetnad at Sjøfuglsenteret skal behalde dagens føremål.

Det er uansett eit krav etter stiftingslova at ev. kapital som er att etter at kreditorane sine krav er dekte i samband med oppheving, skal brukast på ein måte som samsvarar med stiftinga sitt føremål, eller eit liknande føremål, sjå § 47 andre ledd og 52 fjerde ledd.

Deltaking på møtet

Fylkeskommunen sin styremedlem i stiftinga er Anders Ryssdal. Jamvel om Ryssdal deltek på møtet, bør nokon i tillegg møte på vegner av fylkeskommunen som stiftar.

3. Konklusjon

Fylkesutvalet peikar ut ein representant for fylkeskommunen som skal delta på møtet mellom styret og stiftarane.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet ber den valde representanten formidle at fylkeskommunen stiller seg positiv til at Norsk Sjøfuglsenter vurderer endring av organisasjonsform for å betre den økonomiske situasjonen, men at det er viktig at Sjøfuglsenteret - uansett organisasjonsform - framleis arbeider i samsvar med dagens føremål.